

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

**Utval:** Kontrollutval - Hornindal kommune  
**Møtedato:** 03.10.2013  
**Møtetid:** 14.00  
**Stad:** Smia  
**Møtenr.:** 3/2013

**Innkalling:** Faste medlemmer i utvalet og Administrasjonssjefen sak 020/13 og forvaltningsrevisor i sak 021/13.

**Melding til:** Ordfører(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

### SAKLISTE

- 018/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 019/13 Skriv og meldingar.
- 020/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport Hornindal kommune – «Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet»
- 021/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune» – Prosjektplan.
- 022/13 Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet.
- 023/13 Oppfølgingsliste 3-2013.
- 024/13 Eventuelt.

Hornindal 23.09.2013

Ola Are Ytrehorn (s)  
Leiar

  
Vidar Øvrebø  
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 018/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.09.2013

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	03.09.2013	018/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 019/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.09.2013	019/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 07-13 Vedtak kst sak 050/13 Årsmelding og rekneskap 2012.  
SM 08-13 Vedtak kst sak 043/13 Møteplan 2. halvår 2013.  
SM 09-13 Rundskriv frå kommunal og regional departementet – «Rundskriv om iverksetjing av endringar i kommuneloven m.m – egenkontroll mv.», datert 21.06.2013.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 0713



## HORNINDAL KOMMUNE

### Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kontrollutval			BS
Formannskapet	03.06.2013	021/13	BS
Utval for Oppvekst og Helse	04.06.2013	031/13	BS
Utval for utvikling	05.06.2013	044/13	BS
Kommunestyret	13.06.2013	050/13	BS

<b>Saksansvarleg:</b> Ann Kristin Langeland	<b>Arkiv:</b> 210 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/160 - 5
---	-------------------------------------	-----------------------------------

### Årsmelding og rekneskap 2012

#### Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
6	I	27.05.2013	Revisor	Revisjonsmelding 2012

- Revisjonsmelding (vedlegg)
- Budsjett 2012
- Lov og kommuner og fylkeskommuner
- Rekneskap 2012 (vedlegg)
- Årsmelding 2012 (vedlegg)

#### Saka gjeld

Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2012.

I samsvar med kommunelova § 48, er det utarbeidd årsmelding og rekneskap for 2012.

Rådmannen ber kommunestyret godkjenne årsmeldinga og rekneskapen for 2012.

#### Drøfting

Hornindal kommune si årsmelding for 2012 er eit samla dokument som tek føre seg den økonomiske sida av drifta, og aktiviteten for verksemda.

Hornindal kommune kom ut med eit netto driftsresultat på kr. 6.443.046,95. i årsmeldinga er det gjort greie for resultatet, både når det gjeld drift og investering.

Etter motpost på avskrivningar og interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

**Framlegg til vedtak:**

Rekneskap og årsmelding for Hornindal kommune for 2012 vert godkjent slik den ligg føre.

Ann Kristin Langeland/s.  
- rådmann -

**03.06.2013 FORMANNSKAPET**

Idar Nygård påpeika diverse mogelege feil i årsmeldinga

**FORM-021/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Formannskapet ber administrasjonen om svar/forklaring på spørsmål stilt i møtet knytt til årsmelding og rekneskap 2012.

Svar skal følgje saka til kommunestyret.

**04.06.2013 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE**

**UFOH-031/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Utval for oppvekst og helse rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

## **05.06.2013 UTVAL FOR UTVIKLING**

### **UFU-044/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Utval for utvikling rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent

## **13.06.2013 KOMMUNESTYRET**

### **KS-050/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent, endeleg vedtak vert då slik:

Rekneskap og årsmelding for Hornindal kommune for 2012 vert godkjent slik den ligg føre.

Hornindal, den 19.06.2013

Anne Elin Ekornesvåg/s  
- Sekretær -



5/17 08-13



## HORNINDAL KOMMUNE

### Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Formannskapet	03.06.2013	016/13	ABØN
Utval for Oppvekst og Helse	04.06.2013	030/13	ABØN
Utval for utvikling	05.06.2013	042/13	ABØN
Kommunestyret	13.06.2013	043/13	ABØN

Saksansvarleg: Ann Kristin Langeland	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 12/897 - 2
--------------------------------------	-----------------------	----------------------------

### Møteplan 2. halvår 2013

#### Sakstilfang / Lover / Plandokument

#### Saka gjeld

Det skal fastsetjast møteplan for 2. halvår 2013.

#### Bakgrunn

Ein held fast på følgjande møtedagar og møtetidspunkt:

Kommunestyret: torsdagar kl 15.00 (med unntak av budsjettmøtet i desember som startar kl 13.00)

Formannskapet: måndagar kl 14.00 (med unntak av 26. november)

Utval for helse og oppvekst: tysdagar kl 15.00

Utval for utvikling: onsdagar kl 14.00

Møteplan	August	September	Oktober	November	Desember
<b>2. halvår 2013</b>					
Kommunestyret		12.		7.	12.
Formannskapet		2.	7. og 28.	18. og 26.	
Utviklingsutvalet	28.	25.	23.	20.	
Oppvekst og Helse	27.	24.	22.	19.	

Når det gjeld budsjettprosessen legg ein opp til ei drøfting i kvart av utvala, og to drøftingar i formannskapet. Budsjettet skal leggst ut til offentleg ettersyn den 28. november 2013.

Møteplanen er oppsett med atterhald om sakstilfang.

#### Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje sett opp fleire møter enn det som er teke omsyn til i budsjettet, og møteplanen vil såleis ikkje få ytterlegare økonomiske konsekvensar

**Framlegg til vedtak:**

Møteplan for 2. halvår 2013 vert vedteken slik den ligg føre.

Ann Kristin Langeland/s.  
- rådmann -

**03.06.2013 FORMANNSKAPET**

**FORM-016/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Formannskapet rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**04.06.2013 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE**

Framlegg frå Inger Marie Svingeset:

Utval for oppvekst og helse har møte på tysdagar kl. 14.00. Elles som framlegg frå rådmannen.

**UFOH-030/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Utval for oppvekst og helse rår til at formannskapet sitt framlegg til vedtak med tillegg til framlegg frå Inger Marie Svingeset vert godkjent:

Møteplan for 2. halvår 2013 vert vedteken slik den ligg føre. Utval for oppvekst og helse har møte på tysdagar kl. 14.00.

**05.06.2013 UTVAL FOR UTVIKLING**

**UFU-042/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Utval for utvikling rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent

## **13.06.2013 KOMMUNESTYRET**

### **KS-043/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Utval for oppvekst og helse sitt framlegg til vedtak vert godkjent, endeleg vedtak vert då slik:

Møteplan for 2. halvår 2013 vert vedteken slik den ligg føre. Utval for oppvekst og helse har møte på tysdagar kl. 14.00.

**Kopi til:**  
Sakshandsamar

Hornindal, den 18.06.2013

Anne Elin Ekornesvåg/s  
- Sekretær -

Sm 09-13



DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MOTTATT  
21 JUNI 2013

## Rundskriv

---

Førde kommune  
Kommunene  
Fylkeskommunene  
Fylkesmennene

Nr.  
H-2/13

Vår ref  
2013001685 - 1

Dato  
21.06.2013

### Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

#### 1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (egenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

## **2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll**

### **2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg**

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

### **2.2 Kontrollutvalget – åpne møter**

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

### **2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet**

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

### **2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper**

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

### **2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen**

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

### **3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll**

#### *Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor*

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

### **4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak**

#### **4.1 Åpne styremøter**

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

#### **4.2 Daglig leders internkontrollansvar**

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

#### **5. Endringer i kommuneloven – økonomi**

##### *Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter*

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

#### **6. Endringer i inndelingsloven**

##### *Sammensetningen av fellesnemnda*

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lengre et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Erland Aamodt  
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur



## 020/13 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT HORNINDAL KOMMUNE – VURDERING AV RUTINAR OG INTERNKONTROLL KNYTT TIL LØNSOMRÅDET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.09.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Vedtak i kommunestyret sak 138/12 Forvaltningsrevisjonsrapport 2011 - vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek rådmann sin orientering til vitande.

#### Kontrollutvalet sitt vedtak:

## **OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT HORNINDAL KOMMUNE – VURDERING AV RUTINAR OG INTERNKONTROLL KNYTT TIL LØNSOMRÅDET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune" datert 4. november 2011.

### **Saksopplysningar:**

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

I rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune" datert 4. november 2011 kjem revisor følgjande tlrådingar:

*Med tanke på spørsmålet slik det var formulert i bestillinga – om rutinane fungerer tilfredstillande – finn vi grunn til å nemne nokre forhold som vi meiner kan bidra til effektivisering og sikre styring og kontroll:*

- *Vi har sett at det kan mangle tilsetjingskontrakt i det elektroniske peronalarkivet og dette gir grunn til å minne avdelingsleiarane om at alle dokument som skal i personalarkivet må sendast til servicekontoret for skanning når avdelingarn sjølv ikkje får lagt dei inn.*
- *Tilsetteopplysningane bør gåast gjennom med tanke på å få registrert sluttdato på avslutta arbeidsforhold.*
- *Heimelsregisteret bør gjennomgåast med tanke på å få registrert tenestene som stillingsheimelen til kvar tid er knytt til.*
- *Alle satsar for berekning i lønssystemet bør rettast når det blir vedteke endringar, også om dei for tida ikkje er i bruk.*

Kommunestyret handsama rapporten i sak 138/12 «Forvaltningsrevisjonsrapport 2011 - vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune» i møte 03.05.2012 og gjorde vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding:

*Kommunestyret viser til revisjonsrapporten "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune", datert 4. november 2011".*

- *Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor.*
- *Det vert vist til rapporten, som ligg ved, for nærare informasjon om funn, vurderingar, konklusjonar og tilrådingar.*

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet vurderer det slik at ein bør be administrasjonen om ei tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtaket.

**021/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SYSTEM FOR  
VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGNINGAR I HORNINDAL KOMMUNE -  
PROSJEKTPLAN**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.09.2013

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	03.10.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt «System for vedlikehold av kommunale bygningar i Hornindal kommune».

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 015/13.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehold av kommunale bygningar i Hornindal kommune» vert godkjent.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SYSTEM FOR VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGNINGAR I HORNINDAL KOMMUNE - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune».

### Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 28.05.2013 sak 015/13 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune» handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "System for vedlikehald av bygningar» vert godkjent.*
- *Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.*

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

#### Utskrift RSK001:

*11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.*

*18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.*

*19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.*

#### *Problemstilling(er)*

*20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.*

*21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonisere problemstilling(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.*

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for prosjektet. Det vert vist til prosjektplanen, som ligg ved, for nærare detaljar om innhaldet. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til møtet for å gje nærare informasjon.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet vurderer det slik at Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram Prosjektplan og elles gjeve ei tilbakemelding i planen som er tilfredsstillande i høve til pkt. 11, 18, 19, 20 og 21 i RSK001.

<b>Kommunerevisjonen i Nordfjord</b>  Postadresse:      Tonningsgata 4 6783 STRYN Telefon:                57 87 47 00 Foretaksregisteret: NO 976 304 470	<b>PROSJEKTPLAN</b>	
	TITTEL: <b>System for vedlikehold av kommunale bygningar i Hornindal kommune</b>	
	OPPDRAGSGJEVAR: <i>Kontrollutvalet i Hornindal kommune</i>	
	OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR: <b>Markvard Sunde</b>	
	DATO: 29.08.2013	ENDRA DATO:
PROSJEKTNR.: 2.3-01-022	PROSJEKTANSVARLEG REVISOR: Gunnar Ryste	ANTALL SIDER: 3 sider

## INNHOLD

1. Bakgrunnsinformasjon
2. Målsetting og problemstillingar
3. Revisjonskriterium og grunnlaget for desse
4. Metodisk tilnærming
5. Organisering, ansvar og ubundenskap
6. Ressursbehov og tidsplan

### 1. Bakgrunnsinformasjon

For å auke framdrifta i prosjektgjennomføringa, ønskjer kommunerevisjonen å starte opp dette prosjektet i løpet av inneverande år. Vi legg derfor fram prosjektplanen samstundes med kontrollutvalet si behandling av tingsdokumentet. Kontrollutvalet sitt sekretariat er orientert om saka.

Prosjektplanen er utarbeidd i samsvar med Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), punkt 18 og 19.

Kommunerevisjonen ønskjer å gjere følgjande avgrensingar:

- *Bygningar som kommunen ikkje eig skal haldast utanfor.*
- *Prosjektet skal ikkje omfatte vurdering av tilstanden til bygningsmassen.*

I tillegg til dei nemnde avgrensingane, legg vi opp til at prosjektet heller ikkje skal omfatte:

- *Infrastruktur og uteareal*
- *Teknisk-faglege problemstillingar*

## **2. Målsetting og problemstillingar**

*"...ei vurdering av om systemet for vedlikehald av kommunal bygningsmasse i Hornindal kommune er tilfredsstillande"*

Kontrollutvalet si tinging er i utgangspunktet avgrensa til systemnivå. Vi vurderer dette til å omfatte kommunen sitt system for planlegging og styring av vedlikehaldet av den kommunale bygningsmassen.

Vedlikehald av kommunale bygg har som oppgåve å oppretthalde byggmassen sin verdi. Dette betyr at politiske prioriteringar og løyvingar må byggje opp under kommunen sine mål og planar. Vi legg opp til følgjande operasjonisering av hovudproblemstillinga i kontrollutvalet si tinging:

1. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygg i Hornindal kommune?
2. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikehaldet av kommunale bygg til politisk nivå?
3. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygg i Hornindal kommune?
4. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehald?

## **3. Kjelder til revisjonskriterium**

I standard for forvaltningsrevisjon blir revisjonskriterium definert som dei «krav, normer og/eller standarder» som revisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette tilfellet er det kvaliteten på kommunen sine system for vedlikehald av bygningsmassen som skal vurderast.

For å kunne evaluere kvaliteten på desse systema, må vi derfor identifisere målbare krav og normer.

Det er i stor grad kommunen sjølv som legg opp dei administrative rutinane for planlegging og styring. Det ligg ikkje føre absolutte krav til system for planlegging og styring, då desse vil vere tilpassa spesifikke tilhøve og behov i den einsskildre kommune. Vi må derfor basere våre vurderingar på kvalifiserte tilrådingar i relevante rapportar og dokument, og har valt følgjande kjeldetilfang:

- Eventuell kommunal vedlikehaldsstrategi.
- Eventuell vedlikehaldsplan/tiltaksplan utarbeidd av kommunen.
- NOU (2004:22): «*Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren*», Kommunaldepartementet.
- Riksrevisjonen (2004-2005): «*Riksrevisjonens undersøkelse av kommunens ansvar for skolebygninger*», Riksrevisjonen.
- Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers: «*Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde*».



- KS (2009): «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn*».
- FOBE (2006): «*Kartlegging av kommunens utgifter til vedlikehold av sine bygninger*», Forum for Offentlige Bygg og Eiendommer (FOBE), Norges Kommunaltekniske Forening.
- Regnskapsrapporter og interne saksdokument.
- KOSTRA-data.

#### **4. Metodisk tilnærming**

- Intervju/samtalar med sentrale personar i driftsavdeling og økonomiavdeling, samt einingsleiarar ved nokre skular og institusjonar i kommunen. Eventuell spørjeundersøking vil bli vurdert.
- Dokumentstudiar

#### **5. Organisering, ansvar og ubundenskap**

I følge § 6 i forskrift om revisjon skal revisjonseininga utpeike ein fagleg ansvarleg for kvart oppdrag. I Kommunerevisjonen i Nordfjord er revisjonssjefen organisasjonsmessig tillagt det faglege ansvaret for forvaltningsrevisjon generelt, slik at det ikkje er behov for å vurdere dette frå prosjekt til prosjekt.

Det ligg ikkje føre tilhøve som kan bidra til å verke inn på revisor sin ubundenskap eller objektivitet i gjennomføringa av prosjektet.

#### **6. Ressursbehov og tidsplan**

Kommunerevisjonen tek sikte på å legge fram rapport innan utgangen av desember inneverande år.

Prosjektet vil bli utført av revisor Gunnar Ryste.

Dato: 29.08.2013

---

Markvard Sunde  
Revisjonssjef




---

Gunnar Ryste  
Revisjonskonsulent

## 022/13 BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat  
**Dato:** 23.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.10.2013	022/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

### Melding til:

#### Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement møtegodtgjersle Hornindal kommune.
- E-post frå Hornindal kommune om godtgjersle folkevalde 2012, datert 23. september 2013.

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	2.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	20.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr.	2.000,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	10.000,-
<u>11959: Kontingentar</u>	<u>Kr.</u>	<u>2.000,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr.</u>	<u>36.000,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

## KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## **BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Hornindal kommune.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle  
Køyregodtgjersle.  
Tapt arbeidsforteneste  
Møtegodtgjersle  
Arbeidsgjevaravgift  
Kurs/seminar  
Kontingentar  
Telefongodtgjersle  
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Hornindal er satsar for godtgjersle vedteke i kommunestyrevedtak den 27.08.2009.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 100,- pr. time, maksimum 1200,- pr. dag, inkludert feriepengar. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1200,-. Vilkår for utbetaling av tapt arbeidsforteneste er legitimasjon (trekk i løn).
- Møtegodtgjersle i 2013 var for leiar i kontrollutvalet kr. 576,- og for medlemmer i kontrollutvalet kr 269,-. Møtegodtgjersla er knytt opp mot ordførar si godtgjersle, jfr reglementet.

Frå 01.01.13 vart det vedteke å redusere ordførarstillinga til 60 %, og møtegodtgjersle blir dermed redusert tilsvarande. Ordførarløn gjeldande frå 01.01.2013 er kr 384.114,-

Budsjett 2013 var kr. 35.000,-.

Hornindal kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Hornindal kommune slik at dette er mogeleg.

## BUDSJETT KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2013

### Konto

11600 Køyregodtgjersle	2000	(4*4,05*100)	
10800 Tapt arbeidsforteneste	10000	(6*1200*1,12) (0*1700)	feriepengar
10800 Møtegodtgjersle (leiar)	10000	4*576+(4*269)*3	
10990 Arbeidsgjevaravgift	2000	10,6% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	10000		
11959 Kontingent FKT	2000		
		0	
<b>Drift</b>	<b>36000</b>		

## Sekom Postmottak

---

**Fra:** Solfrid Otterdal Lien <Solfrid.Otterdal.Lien@hornindal.kommune.no>  
**Sendt:** 23. september 2013 11:18  
**Til:** Sekom postmottak  
**Emne:** Møtegodtgjersle  
**Vedlegg:** Møtegodtgjersle.pdf

Hei

Vedlagt reglement for utbetaling av godtgjersle til folkevalde.

Frå 01.01.13 vart det vedteke å redusere ordførarstillinga til 60 %, og møtegodtgjersle blir dermed redusert tilsvarande.

Solfrid Otterdal Lien  
Leiar servicekontor  
Tlf 57879807

[Hornindal kommune si nettside](#)

DET GODE LIV I HORNINDAL: <http://www.visbrosjyre.no/hornindal/WebView/>



## GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I HORNINDAL KOMMUNE

Reglement er fastsett av kommunestyret den 27.08.2009.  
Godtgjersla gjeld frå 1.1.2010, og har som grunnlag ordføraren si årlege godtgjersle.  
Reglementet vert gjort gjeldande frå 1.1.2010.

### I: Omfang og former for godtgjersle

#### §1-1 Heimel

Reglementet er vedteke i medhald av kommunelova § 41

#### §1-2 Omfang

Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov  
Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferansar, dersom møteorganisasjonen sjølv ikkje betaler godtgjersle.

#### §1-3 Former for godtgjersle

Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:

1. Møtegodtgjersle, fast og variabel
2. Tappt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekning

### II: Møtegodtgjersle

#### §2-1 Grunnlag

Møtegodtgjersla er knytt til ordføraren si godtgjersle, og skal regulert i høve til ordføraren si årlege godtgjersle pr. 1. mai kvart år.

#### §2-2 Fast møtegodtgjersle

Fast møtegodtgjersle blir utbetalt slik:

- Ordførar; årleg fastsett av kommunestyret i samband med budsjettet for komande år. For 2009 er godtgjersla kr. 437.868,- (7,51 G – 1 G pr. 1.5.2009 = kr. 72.881). Ordføraren har 80% stilling i 2009
- Varaordførar; årleg godtgjersle tilsvarande 6% av ordføraren si godtgjersle.
- Varaordførar og dei andre medlemene i formannskapet, og leiarane i hovudutvala; årleg godtgjersle tilsvarande 2% av ordføraren si godtgjersle.

#### §2-3 Variabel godtgjersle

Den variable møtegodtgjersla utgjer pr. møte 1 ‰ av ordføraren si godtgjersle.

Leiarar i utval som ikkje har fast møtegodtgjersle, får utbetalt pr. møte 1,5 ‰ av ordføraren si godtgjersle. Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for meir enn eitt møte pr. dag

Ordføraren får ikkje variabel godtgjersle.

Andre kommunale styre, råd og utval får utbetalt pr. møte 0,70 ‰ av ordføraren si godtgjersle.

### **III: Utgiftsdekning**

#### **§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste**

Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekket tapet etter desse reglane:

- a. Ulegitimert tap; kr. 100,- pr. time, maksimum kr. 1.200,- pr. dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynleggjere at tapet er vesentleg større enn kr. 100,- pr. time, får dekket tapt arbeidsforteneste etter pkt. b.
- b. Med legitimasjon (trekk i lønn), inntil kr. 1.200,- pr. døgn inkludert feriepengar.

Krav om tapt arbeidsforteneste og reise må setjast fram innan november månad i budsjettåret.

#### **§ 3-2 Skyss-og kostgodtgjersle**

Folkevalde har rett på skyss-og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ

#### **§ 3-3 Pass av barn**

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

### **IV Særskilde reglar**

#### **§4-1 Utbetaling**

Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt to gongar pr. år. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir betalt etter rekning.

#### **§ 4-2 Tolking av reglementet.**

Ordføraren tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle, som ikkje er prinsipielle.



## 023/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - HORNINDAL

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 23.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.10.2013	023/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Hornindal.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 Hornindal vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

**OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - HORNINDAL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

**Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21.09. 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaufande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

			<p>og avgjerdsmynde.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollutvalet vel i staden prosjektet "System for vedlikehald av bygningar".</li> <li>- Sekretariatet utformar tingsingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.</li> </ul>
004/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	30.01.13		30.01.2013 – Vedtak KU – Teke til vitande.
005/13 Møteplan 2013 for kontrollutvalet.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Godkjent.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.	30.01.13		30.01.13 – Tilråding til kst. 01.02.13 s/ kst. 07.03.13: vedtak kst sak 011/13.
0074/13 Orientering investeringsprosjekt.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Teke til vitande. Ber om ny orientering i kontrollutvalsmøtet 28.05.13. 30.01.13 s/møtebok med vedtak. 21.05.13 Orientert pr tlf om at rdm vert kalla inn.
008/13 Pååfæøgomgsøoste 1-2013.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Teke til vitande.
009/13 Eventuelt	30.01.13		30.01.13 – Det vart ikkje teke opp saker.
010/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Innkalling og sakliste vert godkjent.
011/13 Skiv og meldingar.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
012/13 Avslutning prosjektrekneskapar	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet tek saka til vitande. - Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.
013/13 Årsrekneskapen 2012 - Horninda kommune.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: - Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Hornindal kommune, datert 28.05.2013.
014/13 Orientering investeringsprojekta "Parkeringsplass i sentrum" og Otterdalselva" - status.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
015/13 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt "System for vedlikehald av bygningar".	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: - Tingsingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "System for vedlikehald av bygningar" vert godkjent. - Tingsingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.
016/13 Oppfølgingsliste 3-2013.	28.05.13		<ul style="list-style-type: none"> <li>- 28.05.13 Vedtak i KU: Det vert teke opp sak om oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapport etter forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet".</li> <li>- Det vert purra på sak 026/12 Praktisering av retningsliner om å gje dagmulkt.</li> <li>- Elles vert oppfølgingsliste 2-2012 teken til vitande.</li> </ul>
017/13 Eventuelt	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker.

Oppdatert 21.09.13

### Oppfølgingsliste 3- 2013 - Hornindal.

#### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11	Oppfølging	24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til kst. 03.05.12 Vedtak kst sak 138/12.
05/12 Orientering – Investeringsprosjekt.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbeta – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune <b>Sjå sak 011/12.07/13 og 014/13.</b>
11/12 Orientering investeringsprosjekt.	25.05.12		- 25.05.12 - <i>Prosjekt 4056, 4007, 4005 som gjeld parkering i sentrum vi bli prioritert av administrasjonen. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar.</i> - <i>4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbeta. Administrasjonen vil ta kontakt med den enkelte grunneigar og kalle disse inn til eit møte.</i> Vedtak KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande og kontrollutvalet vil kalle inn administrasjonen på første møtet i 2013.
026/12 Praktisering av retningslinjer om å gje dagmulkt.	01.10.12		01.10.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å utarbeide rutinar om korleis ein skal praktisere bruk av dagmulkt ved kontraktsskriving. -Kontrollutvalet følgjer opp saka og ber om tilbakemelding om kva som vert gjort. 04.11.12 Brev sendt til Hornindal kommune.
001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU – Ingen merknader.
002/13 Skiv og meldingar.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
003/13 Forvaltningsrevisjon – «Saksutgreiing og avgjerdsmynde» - avklaring.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU- - Kontrollutvalet avbryt arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Saksutgreiing

## 024/13 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.09.2013

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	03.10.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.